

# Rygg Barnehage

## Vedtekter for daglig drift etter Lov om Barnehager (Barnehageloven)

### 1. FORMÅLSBESTEMMELSE.

Rygg Barnehage er ein privat barnehage, heileigd av Rygg Barnehage SA. Barnehagen skal stimulere barna til å utvikle og bruke evnene sine og gje dei eit godt grunnlag for å bli sjølvstendige, tolerant og skapande menneske som kan ta ansvar for seg sjølv og andre.

### 2. FORVALTNING AV BARNEHAGEN.

Barnehagen skal drivast i samsvar med Lov om barnehager med forskrifter.

### 3. BARNEHAGENS STYRE.

Rygg Barnehage skal ha eit styre som skal bestå av ein styreleiar og minst to og høgst fire andre medlemmer i tillegg til 2 vara. Dagleg leiar er fast sekretær for styret.

Funksjonstida for styreleiar og dei andre medlemmene er to år. Vara vel ein for eitt år.

Styreleiar, styremedlemmar og varamedlem kan bli gjenvald. Årsmøtet vel styret. Årsmøtet vel styreleiar ved særskilt val. Styret vel nestleiar blant sine medlemmer.

### 4. BARNEHAGENS SAMARBEIDSUTVAL

Rygg Barnehage er pliktig til å ha samarbeidsutval og foreldreråd.

- Foreldre og dei tilsette vel kvar sin representant til barnehagen sitt samarbeidsutval
- Styrar møter som representant for eigar i samarbeidsutvalet
- Representantar for foreldra og dei tilsette vel ein for for eitt år om gangen
- Samarbeidsutvalet konstituerer seg sjølv.

### 5. SAMARBEIDSUTVALET SINE OPPGÅVER

- Samarbeidsutvalet skal være eit rådgjevande, kontaktskapande og samordna organ for foreldre, personalet og eigar. Dei skal ha ansvar for alminnelig drift i nær kontakt med styret.
- Skal sjå til at barnehagen blir drevet innanfor ramma av barnehageloven, barnehagen sine vedtekter og budsjett
- Være med til å aktiv bidra til å fastsette årsplan for barnehagen si verksemd
- Ha rett til å uttale seg i saker som må vurderast som viktig for foreldra.

## 6. FORELDREMØTER

Foreldremøter skal gjennomføres minst to ganger i året. Personalet ved styrar sender innkalling til desse møta.

## 7. PERSONALET.

Den daglege drift gjennomføres av styrar med godkjent utdanning som barnehagelærer. Det øvrige personalet i barnehagen skal minst bestå av 1 100 % stilling pedagogisk leiar pr. avdeling i tillegg til stillingar som assistent/ barne- og ungdomsarbeidar.

## 8. ANTAL BARN I BARNEHAGEN/ BARNAS ALDER.

Rygg Barnehage har 27 plassar.

Barnas alder: 0 – 5 år.

## 9. OPPTAK AV BARN.

Opptak av barn skjer gjennom samordna opptak i Gloppen Kommune. Søknadsfrist er felles for alle barnehagane, 1. mars. Styrar lagar innstillinga til opptak, opptaket blir godkjent av styret.

Det *kan* bli tatt løpande opptak av barn ved ledige plasser gjennom året, men dette blir gjort i samråd med Gloppen Kommune.

Ved tildeling av plass skal det leggast vekt på disse kriterier:

- Barn med fortrinnsrett etter barnehagelovens § 13.
- Søsken av barn som allereie har plass.
- Barn med tilknytning til barnehagen gjennom nærmiljøet\*.
- Barn med minoritetsspråkleg bakgrunn.
- Barn av einslege forsørgjer.

\*I årsmøtet 29.03.17 vart det vedtatt at vi skulle definere nærmiljø. Årsmøtet vil definere omgrepet nærmiljø til gjeldande frå Storebru – Hestenesøyra.

Der omsynet til samansetninga av gruppa etter alder og kjønn teller inn, kan nemde prinsipp bli fråvike.

### 9.1 Opptakskrets:

Det skal fortrinnsvis tas opp barn busett i Gloppen Kommune, eller som er i ferd med å busette seg i Gloppen Kommune.

## 10. OPNINGSTIDER.

Barnehagen er open 5 dagar i veka frå 07.15 til 16.30. Særskilte vilkår gjeld;

- Barnehagen har 5 planleggingsdagar i løpet av barnehageåret
- Onsdag før skjærtorsdag er barnehagen open til klokka 12.00
- Barnehagen har stengt offentlige høgtidsdagar

Knytt til jul og påske har barnehagen påmelding for barna, der barnehagen held open etter behov. For at barnehagen skal halde opent må det vere minimum 4 barn frå 3 ulike familiar påmeldt kvar dag.

Ved misleghald av barnehagen sine opningstider og at barn ikkje blir henta innan opningstida fakturerer barnehagen eit gebyr på kroner 100 pr. påstarta kvarter. Dette gebyret tilleggast den ordinære månadlege betalinga.

### **10.1 Opphaldstid**

Barnehagen har ei maks opphaldstid for barna på 9 timar pr dag. Dette er i tråd med samordna opptak i Gloppen kommunen der det er spesifisert makstid pr dag på 9 timar.

### **11. FERIE.**

Rygg Barnehage har stengt to veker i juli. Alle born skal ha 3 veker samanhengane ferie i perioden 15.juni – 15.august.

Foreldre skal innan 1. mai gi melding om når barna skal ha sommarferie. På bakgrunn av denne informasjonen utarbeider styrar ferieliste for personalet og plan for sommar drift av barnehagen.

### **12. FRAMMØTE.**

Foreldre føl barna inn i barnehagen sitt lokale, og det skal gis beskjed ved ankomst og ved henting.

Alle barn bør være på plass i barnehagen før kl. 09.30.

Ved fråvær, eller endringar i hente- og bringetider, skal føresette gi beskjed til barnehagen. Vert barna henta av andre enn sine foreldre, skal barnehagen på førehand ha beskjed om dette.

### **13. MÅLTIDA.**

Barnehagen tilbyr lunsj og ettermiddagsmat med frukt til barna. En dag i veka serverast det eit varmt måltid til lunsj. Utgifter til måltida i barnehagen blir dekket inn gjennom ein månadleg innbetaling av matpengar frå foreldra.

### **14. BARNAS HELSE.**

Sjuka barn skal ikkje opphalde seg i barnehagen.

### **15. BARNAS TØY.**

Barna sitt tøy og fottøy skal være merka. Barn skal ha tøfler eller sko til innebruk. Barna må være kledd etter vêrforholda og må ha med seg ekstra skift.

Barna skal som hovudregel ikkje ha med seg leikar heimanfrå.

### **16. BETALING.**

Satsane for betaling vert regulert gjennom statleg fastsatt makspris.

Ved behov for å auke betalingssatsane utover fastatt makspris, må dette skje i henhold til Forskrift om foreldrebetaling, og krev vedtak av fleirtall i samarbeidsutvalet/styret.

Dette kan kun skje om barnehagens økonomiske situasjon tilseier det.

Betalinga skjer forskotsvis innan den 20. kvar månad. Det betalast for 11 månader med start i august.

Under føresetnad av kommunal støtte gis det søskenmoderasjon.

Der det ikkje er betalt for opphald innan en måned etter forfall og betalingsutsetting ikkje er innvilga, gjev styrar i barnehagen dei føresette skriftlig melding om at barnet mister plassen, dersom betaling ikkje er skjedd innan 14 dagar.

Dei som er skyldig betaling for opphald kan ikkje få sine barn inn i barnehagen ved seinare opptak.

Foreldre som får barn inn i barnehagen er pliktige til å være med på dugnadsarbeid på minimum 5 - 12 timar fordelt på to gonger pr. år. Verv i styret eller samarbeidsutval tel som dugnad.

Ved sjukdom eller liknande som gjer at ein ikkje kan delta, får ein tildelt oppgåver i regi av ein oppsamlingsdugnad. Foreldre pliktar sjølv å følgje opp egne plikter til barnehagen.

#### **17. OPPSEIING AV PLOSS.**

Utmeldingsfristen er to månader frå den første i kva måned. Dette gjeld også dersom foreldra ønskjer å redusere ein plass. Oppseiing eller reduksjon av plass må være skriftlig.

Barn som har fått plass i Rygg Barnehage, beheld plassen til 14.08, det året dei begynner på skulen.

Ved mislighald av barnehageplassen, beheld barnehagen seg rett til å si opp plassen til barnet.

#### **18. LEKE- OG OPPHOLDSAREAL.**

Areal for barn over 3 år: 4m<sup>2</sup>/ barn

Areal for barn under 3 år: 5,3m<sup>2</sup>/ barn

#### **19. INTERNKONTROLL.**

Barnehagen har utarbeida internkontroll i henhold til forskrift.

#### **20. ENDRING AV VEDTEKTER.**

Endring av vedtekter skjer ved 2/3 fleirtall i årsmøte.

Vedtatt av årsmøtet 23.04.26